# Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Anneli Vatle Lilletvedt | FE-033, FA-X42 | 19/45 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 006/2020 | Kommunestyret | PS | 13.02.2020 |

## Val av kommunal representant til representantskapet i Stiftinga Kystkultur

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune vel …………som representant og ………..som vararepresentant for Stiftinga Kystkultur.no i perioden 2020 – 2023.

### Saksopplysningar:

**Bakgrunn**
Modalen kommune vedtok i kommunestyresak 16/19 å melde seg inn i Kystsogevekene i Hordaland no endra til Stiftinga Kystkultur.no, med verknad frå 2020.

Kystkultur.no! arbeidar for å styrkja identiteten i kystdistrikta og å skapa kultur- og reiselivsopplevingar knytta til kysten. Auka trivsel, vekst og nye arbeidsplassar er andre viktige målsetjingar. Målet med arrangementa er å fremja kystkultur og området sitt særtrekk.

Kystkultur no! frontar kystkultur fra alle tider, både gammal og ny. Folk får oppleva kystkultur og yrande folkeliv i mange former og uttrykksmåtar.

Stiftinga har per i dag 24 medlemskommunar og stiftinga er organisert av eit representantskap og styre, forutan dagleg leiar. Representantskapet møtest årleg, til vanleg i april månad, vanlegvis er det ordføraren frå kommunane som møter.

Medlemskommunar i Stiftinga Kystkultur.no:

Vestland fylkeskommune

Alver • Askøy • Askvoll • Austevoll • Austrheim • Bergen • Bjørnafjorden • Bømlo • Fedje • Fitjar • Fjaler • Gulen • Hyllestad • Kvinnherad • Masfjorden • Modalen • Osterøy • Samnanger • Solund •

Stad • Stord • Sveio • Tysnes • Øygarden

**<u>Kommunestyret - 006/2020</u>**

## KS - behandling:

Ordførar informerte om saka og låg fram forslag om at ordførar vert representant og varaordførar vert vararepresentant i Stiftinga Kystkultur.
Samrøystes vedteke

## KS - vedtak:

Modalen kommune vel ordførar som representant og varaordførar som vararepresentant for Stiftinga Kystkultur.no i perioden 2020 – 2023.